



Notat

Dato: 17.11.2014
Arkivsak: 2014/13738-6
Saksbehandlar: tormje

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen viser til oversendingsforslag frå Alexander Fosse Andersen i møte i Opplærings- og helseutvalet 21.10.14:

«Bergen kommune har prosjekt «Fra ufaglært til faglært medarbeider» for å sikre rett formell utdanning hjå medarbeidarane i Bergen kommune. 30 medarbeidrarar er ferdig med opplæringa, men ventar på å få praktisk fagprøve organisert av fagopplæringskontoret i HFK.

1. Kor lang ventetid er det for å gå opp til fagprøve?
2. Tiltak for å få vekk «køane» for å ta praktisk fagprøve?»

Hordaland fylkeskommune avviklar om lag 2700 fag- og sveineprøver. Av dei som går opp, er det om lag 700 praksiskandidatar, dvs. kandidatar som har meir enn fem års relevant praksis. Til å handtere prøveavvikling har fylkeskommunen oppnemnt om lag 700 medlemmer i prøvenemnder. HFK har prøvenemnder i om lag 100 fag. I dei tilfella der det ikkje er oppnemnt prøvenemnd i eit fag, har vi godt samarbeid med andre fylke om å låne prøvenemnder. Dette fungerer godt.

Praksiskandidatar eller privatistar i fagopplæring har ingen oppmeldingsfrist. Det betyr at når kandidaten har bestått eksamen og kan dokumentere fem års praksis, kan kandidaten melde seg opp, i motsetnad til det som gjeld ved eksamen, som har to fristar i året. Fagopplæringskontoret hadde tidlegare også to oppmeldingsfristar i løpet av året, men ein valde å gå vekk frå fristane, då desse var lite føremålstenlege.

Fagopplæringskontoret godkjenner praksis, og når godkjenning er gitt, blir denne sendt vidare til prøvenemnd. I neste omgang vert det eit samarbeid mellom arbeidstakar, arbeidsgjevar og prøvenemnd. Fagopplæringskontoret er følgjeleg også avhengig av at arbeidsgjevar legg til rette for fagprøveavvikling.

Lærlingordninga er omfatta av regelverk knytt til fagprøveavvikling. Fylkeskommunen skal sørge for at fagprøva vert avvikla seinast innan to månader etter læretidsslutt. I Hordaland kan ein også i særlege høve avleggje fagprøva inntil to månader før utløpet av læretida, men ein får ikkje utskrive dokumentasjon før ein har stått ut læretida. I periodar på året har fylkeskommunen eit tydeleg fokus på lærlingar. Dei aller fleste læreforhold startar i august-september. Normal læretid er på to år. Dette betyr at i desse månadene vil praksiskandidatar bli prioritert ned. Det betyr ikkje at det ikkje blir avgjort fagprøve for praksiskandidatar, men at det i denne perioden kan ta lengre tid.

Etter fylkesrådmannen si vurdering er det ingen urovekkjande forhold ved saksbehandlingstida hjå nokon av prøvenemndene. Fylkeskommunen er godt innanfor rettleiande sakshandsamingstid og ville hatt enda

kortare sakshandsamingstid dersom det hadde vore gjennomført ein strengare praksis og avvist kandidatar med mangefull dokumentasjon.

Når fagopplæringskontoret har motteke saker der arbeidspraksis ikkje er tilstrekkeleg dokumentert, blir i fyrste omgang kandidaten kontakta anten pr. telefon eller e-post. Fagopplæringskontoret orienterer om kva som manglar i saka og gir kandidaten høve til å leggje fram dette innan rimeleg tid før saka vert endeleg behandla. Dersom det ikkje vert respondert innan eit par veker, blir det gitt avslag. Dette gjer at sakshandsamingstida vert lengre enn om det hadde vorte gitt avslag med ein gong.

For praksiskandidatar er det ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 22 dagar (mottatt sak sendt til nemnd). Rettleiande sakshandsamingstid er 3 månader.

Etter samtalar med prøvenemnder innan Barne- og ungdomsarbeidarfaget og Helsefagarbeidar har ikkje fylkesrådmannen fått tilbakemeldingar om at kandidatar må venta lenge, men ein kan frå sak til sak oppleve ein forskjell i tida det tar for å få avglagt prøve. Noko skuldast geografi i forhold til kvar kandidaten bur, noko kan skuldast arbeidsgjevar, og noko skuldast kapasitet til prøvenemnd. Fagopplæringskontoret slit generelt med å få personar til å delta i prøvenemndsarbeid, og ein får ein del tilbakemeldingar om at det er vanskeleg å få fri til dette arbeidet. Fylkeskommunen har eit stort volum på fagprøver og har over tid god erfaring i å setje opp kva som trengst av medlemmer til dette arbeidet. Medlemmene vert nemnt opp kvart fjerde år, om lag 1/3 av medlemmene vert bytta ut kvar gong.

Det at praksiskandidatar opplever at det tar for lang tid med å få avglagt fagprøve, er noko fylkesrådmannen ikkje tar lett på. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med ei orientering om i kor stor grad dette er eit problem. Dette krev ei gjennomgåing av samtlege saker dei siste åra for å sjå kor lang tid det går frå kandidaten melder seg opp til dokumentasjon på bestått fagprøve vert skriven ut. Dette er eit omfattande arbeid som ikkje er gjort før og som vil krevje noko tid. Ein slik total gjennomgang vil kunne vere klår til februar/mars 2015.

Når det gjeld budsjettet i 2015, vil ikkje varsle nedtrekk for opplæringsavdelinga påverke dette arbeidet. Det er budjettert med same aktivitet i 2015 som i 2014 når det gjeld avvikling av fagprøver.